



# ÅSERAL KOMMUNE

Avd. for natur og næring

Det kongelige Landbruks- og matdepartement

Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 101130 - 112	Deppnr.:
Mottatt 01 NOV 2005 ASR/WR	
Saksber.: IAA	Ans.: 41
Kopi:	Avsnt.:

Dykkar ref:

Vår ref:  
05/00631-2

Sakshandsamar:  
Astrid Marie Engeli  
Tlf: 38 28 58 51  
E-post: astrid-  
marie.engeli@aseral.kommune.no

Arkivkode:  
V6 & 13

Dato:  
31.10.2005

## ENDRINGAR I JORDLOVA - HØYRING

Vedlagt følgjer uttalen til forslag til diverse endringar i jordlova mv. frå Åseral kommune. Ein må ta atterhald om at uttalen blir godkjent av det politiske utvalet.

Med helsing

  
Astrid Marie Engeli  
jordbrukssjef

### Vedlegg:

1 Høyringsuttale frå Åseral kommune



## ENDRINGAR I JORDLOVA - HØYRING

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
	Næringsutvalet	

### Framlegg til vedtak:

Næringsutvalet meiner jordlova bør oppretthaldast slik ho er i dag.

---

### Trykte vedlegg

- 1 Høyringsbrev av 30.06.2005
- 2 Høyringsnotat - Endringar i jordlova m.v.

### Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat på forslag til endringar i jordlova. Forslaga gjeld:

- oppheving av delingsforbodet, jordlova § 12, del I
- oppheving av føresegner om staten sine kjøp av tilleggsjord og føresegner om oreigning etter jordlova, del II
- tilskotsordninga, jordlova § 18, del III
- oppheving av nokre uaktuelle lover, del IV

Forslaga i del I og II går ut på:

- at det generelle forbodet mot å dele landbrukseigedom vert oppheva samstundes som det vert fastsett reglar om å søke delingssamtykke der det er trong for offentleg kontroll med delinga, t.d. ved frådelling av dyrka jord.
- at eigaren må søke samtykke til deling eller frådelling av dyrka jord med mindre det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9, eller der frådellinga gjeld jord som skal seljast som tilleggsjord til eit anna bruk i drift.
- at tinglysingskontrollen ved frådelling vert oppheva, og at kontroll av om delinga er omfatta av plikt til å søke samtykke etter jordlova skal gjennomførast i samband med kommunen si handsaming av sak om deling og oppmåling etter føresegnene i plan- og bygningslova og ny lov om eigedomsregistrering.
- å avvikle ordninga med friviljuge statlege kjøp for å sikre tilleggsjord.

Sign: \_\_\_\_\_

- å oppheve oreigningsadgangen for å sikre tilleggsjord eller rettar og i samband med vanhevd av jord.

I tillegg vurderer departementet:

- om det bør gjerast unntak frå delingsfridomen dersom frådelinga gjeld bygningar som ligg i eller nær tunet på eigedomen.
- om kommunane bør få mogelegheit til å fastsette lokal forskrift med utvida plikt til å søke samtykke til deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar, eller om det bør innarbeidast endringar i føresegnene i plan- og bygningslova slik at kommunane kan fastsetje føresegner i arealplan.
- å oppheve oreigningsadgangen i samband med husmanns- og bygselbruk.

Forslaget i del III bygger på eit ønske om å synleggjera i jordlova § 18 kva for reaksjonar forvaltninga har høve til å nytte overfor tilskotsmottakarar som bryt tilskotsregelverket og at omsetningsledda har ei rolle i tilskotsformidlinga. Forslaget er ikkje meint å innebera endringar i gjeldande rett, men må meir sjåast på som ei tydeleggjering.

I del IV er det omtala ein del lover som er foreslått oppheva pga. at dei har vorte uaktuelle pga. samfunnsutviklinga eller at dei har mista sin reelle funksjon av andre årsaker. Dei er opplista i høyringsbrevet.

### **Vurdering**

Forslaget til endring av jordlova som ligg føre er ei drastisk endring i høve til jordlova slik ho er i dag.

Delingsforbødet slik det føreligg i dag bygger på at det er styresmaktene som er best eigna til å ta stilling til kva som er mest samfunnsgagnleg bruk av landbrukseigedommar. Slik endringsforslaget til jordlova er lagt fram, vil dette ansvaret ligge hjå eigaren.

I jordlova § 1 (føremålet med lova) står det at lova har til føremål å legge tilhøva til rette slik at ressursane kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Dette skal gjerast på ein slik måte at ein får ein tenleg og variert bruksstruktur i området med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar. Det inneber m.a. at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov.

I dag kan gjevast løyve til frådeling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedommen kan gje. Forslaget til endring i lovteksten vil føre til at det i hovudsak berre er ved frådeling av dyrka jord og bygningar i/i nærleiken av tunet som det må søkast delingsløyve for.

Det er grunneigar som sjølv skal avgjere kva som skal skje med eigedommen ut frå eiga vurdering. Dagens lov har ein langsiktig tankegang i botnen, medan ein grunneigar kan vere freista, eller pressa, til å dele frå areal ut frå t.d. økonomiske eller arvemessige tilhøve her og no.

Skog og utmark ser ut til å bli ein viktig ressurs for landbrukseigedommar. Det har ”ligge nede” ei stund, men no kjem utnyttinga av utmarksressursane for fullt, t.d. utmarksbasert

**Sign:** \_\_\_\_\_

reiseliv og jaktutleige. Det same gjeld for ulike bygningar som er å finne på bruket. Gamle bustadhus/hytter av ulik type kan bety mykje i samband med reiseliv, jaktutleige og ulike "inn på tunet"-tiltak, kort sagt LandbrukPluss. Eg meiner det ville verte ei betre forvaltning av ressursane dersom delingsforbodet blir oppretthalde slik det er i dag.

Dersom oppheving av delingsforbodet skjer slik det er omtala i dette høyringsforslaget, vil ein slutte seg til at det bør opnast for mogelegheita til å innføre lokal forskrift slik at kvar einskild kommune kan vurdere søknadar om deling ut frå lokale tilhøve og prioriteringar.

### **Konklusjon**

Jordlova bør oppretthaldast slik ho er i dag. Dei andre endringane har ein ikkje kommentar til.

### **Kopi til:**

Arkiv

Sign: \_\_\_\_\_